



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 43/2008

Møtedato: 17.9.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

S 775, Jaslangen – søknad om sel

Ola Tildheim søker om å få føre opp sel på Jaslangen. Søknaden gjeld oppbygging etter brann i vår. Selet er på 70 m² (BRA) og er tilsvarende storleik som sto på stølen tidlegare. Stølen blir brukt til beite og slått ved eige drift.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølfsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 3.9.09 gjeve utale med slik konklusjon:

Tegningene av huset er et godt utgangspunkt for utforming av et stølshus i 2008 der en har med seg viktige elementer av den tradisjonelle bygeskikken i fjellet. Vinduene, type og plassering er kommentert, takavslutningene er presisert. Alt dette er viktige elementer ved en tilpasning til det tradisjonelle stølhusets noe tilknappede og lukkede form som skiller stølshus fra nyere hyttebygging.

Huset bør males eller stå ubehandlet.

Vi ber om å bli orientert om den videre saksgang.

Søkjaren v/byggmeister Sælid gav den 3.9.08 tilbakemelding til fjellstyret om at det er oversendt beskjed til Røroshytta om endring av teikningar i samsvar med merknader fra Oppland fylkeskommune. Fjellstyret har ikkje motteke dei nye teikningane.

Statskog har ingen merknader til søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølfsforskriftene. Vedtaket er gjort med atterhald om at endra teikningar er i samsvar med merknader fra Oppland fylkeskommune. Endra teikningar skal sendast til fjellstyret.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevevdetaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.9.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Tildheim, 2960 Røn

Statskog v/Raymond Solberg, Serviceboks 1016, Namsos
Oppland fylkeskommune, avd. for kulturvern, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Vestre Slidre kommune, 2966 Slidre